

Saksbehandlar: Jan-Erik Weinbach, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 18/9332-3

Tariff 2019 – KS spør i debattheftet

Fylkesrådmannen rår FU til å gjere slikt vedtak:

1. KS bør vere ein utviklingspartner for digitalisering, gjennom å leggje til rette for samhandling, informasjonsformidling og rådgjeving, samt vere ein igangsetjar og pådrivar for store felles initiativ
2. KS bør ikkje få eit meir formelt mandat på vegne av medlemmene i høve digitalisering.
3. Den lokale forhandlingspotten i kap. 4 bør vere minimum 1,5 %. Blir den mindre, bør lønsoppgjeret gjennomførast sentralt. I dei sentrale forhandlingane bør løn til lærarar og adjunktar prioriterast.
4. I særavtaleforhandlingane i 2019 bør særavtale SFS221 bli forhandla med mål om at dei tilsette skal bruke all arbeidstida på arbeidsplassen.
5. Koordineringa av regional og nasjonal kompetansepolitikk bør styrkast. KS kan ev. ta ei koordinerande rolle mellom UoH-sektoren og kommunar/fylkeskommunar regionalt i arbeidet meg å sikra og utvikla kompetansen i tråd med sektoren sine behov.
6. Det er naturleg å komme tilbake til spørsmåla om ulikskap i tenester og forslag til tiltak når dei nye fylkeskommunane er etablert og vi ser korleis organiseringa av tenesteområda blir.

Vedlegg:

Debatthefte – KS spør

SAKSFRAMSTILLING

Fylkesrådmannen viser til «*Debatthefte 2019 – KS spør, Gjennomføringskraft i digitaliseringsarbeidet, forhandlingar 2019, kompetansebehov og variasjon i tenestene*» sendt ut i samband med KS sin strategikonferanse 4. og 5.02.19 (vedlegg).

2019 er midt i tariffperioden. Det betyr at vi skal gjennom eit mellomoppgjer våren 2019.

Debatthefte gir informasjon om det økonomiske grunnlaget for mellomoppgjeret 2019, og KS ber om innspel på kva som bør prioriterast innanfor disponibel ramme. I tillegg tek debattheftet opp fyljande tre tema:

- *Hvordan kan vi sikre at kommuner og fylkeskommuner i årene framover har den nødvendige kompetansen for å levere gode tenester til innbyggerne?*
- *Statlig bestemte bemanningsnormer og kompetansekrav begrunnes gjerne med hensynet til likhet og likeverd. Hvordan kan vi sikre lokalt tilpassede tenester, og samtidig redusere uønsket variasjon?*
- *Det er behovet for felles innsats, sterkere prioritering og koordinering av tiltak på digitaliseringsområdet. Bør KS gis et mer formelt mandat fra sine medlemmer på digitaliseringsområdet?*

Saka legg opp til drøfting og vedtak i FU. Fylkesrådmannen sender vedtaket til KS Sogn og Fjordane etter møtet i FU. Fristen er i forkant av FU-møtet, vi vil difor måtte ettersende vedtaket.

Korleis skape auka gjennomføringskraft i digitaliseringsarbeidet?

Kommunar og fylkeskommunar har oppmoda KS til å ta ei sentral rolle i å prioritera og koordinera arbeidet med å digitalisera kommunal sektor. Særlig gjelder det koordinering mot statlig nivå, men også i høve arbeidet med felles utvikling av nasjonale løysningar.

KS driv utviklingsarbeid med m.a. støtte frå ulike ressursmiljø i kommunar og fylkeskommunar. KommIT-rådet bidreg også til koordinering og utvikling. KS har etablert finansieringsordninga DigiFin for felles digitale løysningar.

Både kompetanse og kapasitet er utfordringar som må løysast om vi skal lukkast. Staten ønskjer å kunne forholde seg til kommunal sektor som er koordinert og samla, særlig når det gjelder digitale tenester på tvers av forvaltningsnivå.



Vårt svar til sp. 1: KS kan vere ein utviklingspartner for digitalisering, gjennom å leggje til rette for samhandling, informasjonsformidling og rådgjeving, samt vere ein igangsetjar og pådrivar for store felles initiativ.

Grunngjeving: For kommunesektoren er det utfordrande å forholde seg til staten sitt mangfald av føringar, insentiv og mangel på samordning. Det er difor viktig at også staten samordnar eigen informasjon og diverse dialogar knytt til digitaliseringsarbeid.

Vårt svar til sp. 2: KS bør ikkje få eit meir formelt mandat på vegne av medlemmene.

Grunngjeving: Digitalisering er ikkje eit mål i seg sjølv med eit verkemiddel. Det er kommunane og fylkeskommunane som kjenner utfordringane best og som best ser fagområde og arbeids-prosessar der digitalisering vil kunne bidra og dermed bør prioriterast. KS kan ta større ansvar for å få fram velprøvde løysingar og for å sikre at system kan kommunisere mellom forvaltningsnivå.

Kva bør prioriterast i mellomoppgjeret i 2019?

Norsk økonomi er i ein moderat konjunkturoppgang. Overheng, glidning og kostnader knytt til ukvæmstillegg utgjer 1,2 % av ramma for mellomoppgjeret i 2019. Det er rom både for sentrale tillegg og lokal pott. Lokale lønsforhandlingar er eit (av fleire) verkemiddel i rekrutteringsarbeidet. I tillegg er mange kommunar og fylkeskommunar i samanslåingsprosess fram mot 1. januar 2020. Nokre har behov for ein lokal pott til å harmonisere lønnsnivå.

Hovudavtalen

Hovudavtalen regulerer grunnleggande spelereglar mellom partane. Avtalen har ei formålsprega form slik at den er dekkande for mangfaldet i kommunalsektor. KS meiner den fungerer godt i høve formålet.

Ny offentlig tenestepensjon frå 2020

I mars 2018 ble partane i offentlig sektor samde om ny pensjonsordning frå og med 2020. Ny pensjonslov er på høyring og vil truleg handsamast i Stortinget våren 2019. Tilpassing av tenestepensjon i Hovudtariffavtalen vil kunne bli tema i 2019 forhandlingane.



Vårt svar til sp. 3: Den lokale potten til kap. 4 forhandlingane bør vere på minimum 1,5 %. Vert den mindre, er vårt forslag at lønsoppgjøret vert gjennomført sentralt. Sentralt bør løn til lærarar og adjunktar prioriterast. Dette fordi det er noko utfordrande å rekruttere til yrkesfag. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje forslag til fleire element/målsetjingar i det vidare arbeidet med ny tenestepensjon.

Grunngjeving: Storleiken på den disponible ramma vil vere eit viktig utgangspunkt for kor mange element som kan avtalast. Dei siste åra har fylkeskommune si tilbakemelding til KS vore at ramma til lokale forhandlingar må ha ein storleik som gjer det mogleg at vi kan nytte denne til å nå dei måla som til ei kvar tid er lagt for verksemda.

Vårt svar til sp. 4: I høve hovudavtalen er vi samd i KS si vurdering. Når det gjeld særavtaleforhandlingane i 2019 så ynskjer vi å få gjort noko med SFS221. Dvs. at den blir forhandla på.

Grunngjeving: Det har vore store endringar i norsk skule dei siste 40 åra. Krava som blir stilt til skuleeigar, skulen og pedagogane, er meir omfattande enn nokon gong. For å møte desse er vi avhengige av tid til kollektive prosessar og kollektiv utvikling. I dag er arbeidstidsavtalen eit hinder for å få til dette og for å utvikle norsk skule. På nokre skular er det særskilt krevjande å få til felles møtetid innanfor ramma av arbeidstidsavtalen og timeplanlegginga.

Utgangspunktet bør vere spelereglane i arbeidslivet elles og at dei tilsette skal bruke all arbeidstida på arbeidsplassen. Prinsipielt bør Stortinget i større grad ta stilling til korleis skuleåret skal organiserast.

Korleis sikre naudsynt kompetanse til å gi gode tenester til innbyggjarane i åra framover?

Kommunar og fylkeskommunar ytrar uro for si evne til å rekruttere og halde på kompetent arbeidskraft. Det ventast meir variasjon og kompleksitet i arbeidslivet. Det gir auka behov for leiings- og omstillingskompetanse, digital kompetanse og spesialisert fagkompetanse.

KS ynskjer innspel på tiltak som sikrar og utviklar kompetansen i tråd med sektoren sine behov. Innspela skal nyttast i utvikling av arbeidsgjevarrolla, hovudtariffavtalen og i møte med kompetansepolitisk arbeid nasjonalt.



Vårt svar til sp. 5: Kommunesektoren som arbeidsgjevar må tydelig formidle sitt kompetanse- og rekrutteringsbehov til dei som har ansvar for å utforme utdanningstilbod og dei som skal utdanne seg. Kommunesektoren som utviklingsaktør og tenestetilbydar må tydelig formidle sin kompetansepolitikk i møte med nasjonalt og internasjonalt næringsliv og myndigheitene. God samordning av kompetansepolitikken regionalt føreset god koordinering mellom nasjonal og regional politikk. Her kan KS ta ei koordinerande rolle mellom UoH-sektoren og kommunar/fylkeskommunar regionalt.

Grunngjeving: ikkje utover det som kjem fram i svaret.

Korleis sikre lokalt tilpassa tenester, men også redusere uønskt variasjon?

Kommunalt sjølvstyre er grunnlovsfesta. Prinsippa om økonomisk og juridisk rammestyring er nedfelt i ny kommunelov. I tillegg understreker regjeringa både i perspektivmeldinga og i Kommuneproposisjon 2019, viktigheten av å unngå statlig detaljstyring for at kommunane og fylkeskommunane kan tilpasse tenestene til lokalt behov.

Likevel blir det lokalpolitiske handlingsrommet utfordra som følge av auka statlig detaljstyring, t.d. i form av auka bruk av bindande bemanningsnormer og formelle kompetansekrav, parallelt med innføring av stadig sterkare individuelle rettar.

Politikarar på sentralt nivå, statlige instansar og brukarorganisasjonar peikar på *uønskt variasjon* i tenestetilbodet og ber om detaljstyring for å sikre likeverdige tenestetilbod.



Vårt svar til sp. 6 og 7: Pga. samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune til Vestland fylkeskommune er det naturleg å komme tilbake til desse spørsmåla når dei nye fylkeskommunane er etablert og vi ser korleis organiseringa av tenesteområda blir.

Grunngjeving: Vi er no i omstilling, dvs. at utfordringane vi har no, t.d. innan for tannhelse og opplæring, gjer det naturleg å vurdere når omstillingsprosessen er gjennomført. Døme på skilnadar:

1. lågare spesialisttettleik på kjeveortopedi og kjevekirurgi i Sogn og Fjordane enn i andre fylke
2. Sogn og Fjordane har større del av elevane buande på hybel og færre tilbod innafor dei ulike programområda enn andre fylke.